



Kolos Inspection As
Mjåtveitflaten 25
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/219 - 17/2637

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

10.02.2017

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett - oppsetting av opplysningsskilt i Mjåtveitflaten industriområde.

Administrativt vedtak. Saknr: 45/2017

Tiltakshavar: Kolos Group AS

Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova (pb I) § 20-4 , jf § 20-1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-4, motteke 26.01.2017 i Meland kommune. Søknaden gjeld fjerning av eksisterande skilt og oppsetting av nytt opplysningsskilt for Mjåtveitflaten industriområde. Skiltet vert plassert på same staden som noverande skilt, gbnr 22/225.

Det er i same søknad meldt frå om reingjering og ny dekor av opplysningsskilt ved Esso stasjonen. Dette tiltaker er ikkje søknadspliktig.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka – planid 125619780310 - avsett til friområde industri. Omsøkt tiltak er ikkje i strid med planføremål.

Nabovarsling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-3 vert det gitt fritak for nabovarsling.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Skiltet vert plassert der noverande skilt står, jf vedlagt situasjonsplan motteke 09.02.2017.

Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til fjerning av eksisterande opplysningsskilt og oppsetting av nytt opplysningsskilt, storleik 2 m x 2,20 m, i samsvar med søknad motteke 26.01.2017 og situasjonsplan motteke 09.02.2017, for Mjåtveitflaten industriområde.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan motteke 09.02.2017.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Opplysningsskilt

Mottakere:

Kolos Inspection As

Mjåtveitflaten 25 5918

FREKHAUG